



Til  
Lag og fylkeslag i Noregs Mållag  
Lag og fylkeslag i Norsk Målungdom

*Dykkar referanse:*

*Vår referanse:*

*Dato:*

005/21-011 SMS/GME

10. desember 2021

## **INNKALLING TIL LANDSMØTE I NOREGS MÅLLAG 1.–3. APRIL 2022**

Det vert med dette kalla inn til landsmøte i Noregs Mållag på Scandic Oslo Airport, på Gardermoen 1.–3. april 2022. Torsdag 31. mars klokka 21.00 er det kjønnsdelte formøte, i samsvar med vedtaket landsmøtet i 2018 gjorde [om trygge møteplassar](#). Opning av landsmøtet er fredag klokka 09.00 og landsmøtet sluttar søndag 3. april kl. 15.00.

### **Fristar**

Senda inn grunngjevne framlegg (lovbrigde, fråsegner og andre saker): 20. februar 2022  
Påmelding/overnatting: 20. februar 2022  
Betale årsmøteavgifta: 20. februar 2022  
Levere utsendingsfullmakt: 20. februar 2022

### **Sakliste**

Styret har førebels sett opp denne saklista:

Konstituering, leiartale med diskusjon, opplæringspolitikk (kunnskapsministeren kjem), ungdomens tale, nytt prinsippprogram, arbeidsprogram for 2022–2026, rekneskapar 2020–2021, årsmelding 2020–2022, budsjett 2023–2024, årspengar 2024–2025, frikjøp av styreleiar 2024–2026, lovendring, innkomne framlegg, fråsegner og val.

### **Framlegg til saker**

I lov for Noregs Mållag, § 5.3, heiter det: «*Når lokallag og fylkeslag (ved styre eller medlemsmøte) sender inn grunngjevne framlegg (lovbrigde, fråsegner og andre saker), og dei er styret i hende seinast to månader før fyrste landsmøtedagen, har styret plikt til å føra sakene opp på saklista, men det er landsmøtet som fastset saklista endeleg.*»

Frist for å senda inn saker som styret er pliktig å føra opp på saklista er 1. februar.

### **Sakspapir**

Skrivarstova sender sakspapira til utsendingane i veke 9.

### Landsmøteavgifta

Landsmøteavgifta er i år sett til kr 2800 for kvar utsending, kr 1400 for utsendingar frå NMU. Avgifta dekkjer dei sentrale kostnadene ved landsmøtetilskipinga (kr 1200) og reisekostnader/reiseutjamning (kr 1600). Betal til konto 3450.19.80058. Merk betalinga med landsmøte 2022, namnet på lokallaget og talet på deltakarar de betaler for. Frist for å betala landsmøteavgifta er 20. februar.

### Reiseutjamning

Reiseutjamninga utgjer kr 1600 av landsmøteavgifta. Målet med denne ordninga er at det skal kosta like mykje å reisa til landsmøtet, anten deltakaren bur i Sogndal, Tromsø eller Oslo. Noregs Mållag samlar desse midlane i ein «pott» og *refunderer reiserekningar som deltakarene sender inn etter møtet*. Syner det seg at det blir pengar att etter at alle reiser er refunderte, betaler vi attende det overskytande til lokallaga fordelt på kvar utsending. Spør skrifvarstova dersom du er usikker på korleis dette fungerer.

### Fullmaktskjema

Vi strekar under at laget pliktar å sjå til at utsendingane er valde i samsvar med lov for Noregs Mållag. Utsendingar frå lag som til dømes ikkje kan dokumentera betaling av medlemspenar og påmeldingsavgift, påmelding innan rett tid, at vala har skjedd på årsmøtet eller på medlemsmøte der valet er kunngjort i innkallinga, får ikkje røysterett på landsmøtet. Lag der årsmøtet har gjeve fullmakt til at eit medlemsmøte vel utsendingar, må leggja ved dokumentasjon for dette. Vi strekar under at dette gjeld for alle lag i samskipnaden. Fullmaktsnemnda har dei siste åra praktisert reglane stramt, og særskilt slege ned på tilfelle der utsendingane ikkje er valde i samsvar med vedtektene våre.


Frist for å senda inn skjemaet er 20. februar. Laga får tilsendt skjemaet, og det ligg ute på Nettsida vår. Medlemstalet dykkar og kor mange utsendingar de har rett på, får de på e-post etter nyttår. Har de årsmøte etter 20. februar, kan de gjera avtale med Erik Grov / erik.grov@nm.no om sein levering.

### Opphald


Utsendingane bur på Scandic Oslo Airport. Hotellet ligg like ved flyplassen, og det går buss dit frå terminalbygget. Opphald (overnatting og mat) må betalast i tillegg. Utsendingane tingar det dei vil ha av rom, måltid og andre kulturtilbod på eige skjema. Laga får tilsendt tingingsskjemaet, og det ligg også ute på nettsida. Frist for å tinga overnatting er 20. februar.

Velkomne til Gardermoen!

Med venleg helsing  
NOREGS MÅLLAG



Synnøve Marie Sætre  
fungerande leiar



Gro Morken Endresen  
dagleg leiar